

Førespurnad om bruk av anonym sædprøve ved trening av politihundar

Hundetenesta til Politiet trenar spesialhundar til etterforsking av overgrepss- og valdtektsaker.

Hundane blir trena opp til å kjenna att lukta av human sæd.

Overskotsmateriale frå anonymiserte sædprøvar blir frose ned og gjeve bort i frozen tilstand til Hundetenesta. Desse vil bli nytta som luktekjelde i trening av hundane. Etter bruk blir dei destruert.

Å gje bort overskot av din sædprøve vil ikkje påverka behandlinga eller utgreiinga di hjå oss. Det inneber ingen risiko for deg og gjev heller ingen direkte føremoner for deg, men du kan væra med på å bidra til å betre politiet sin beredskap når det gjeld alvorleg kriminalitet.

Prøvane vil bli handsama utan namn, fødselsnummer eller andre gjenkjennande opplysningar. Det vil såleis ikkje være mogleg å identifisere gjevar av materialet.

Dersom du ynskjer å bidra i opplæring av politihundar underteknar du erklæringa om samtykkje. Du kan, når som helst og utan å grunngje det, trekke deg utan at dette vil få fylgjer for deg og behandlinga di. Dersom du har spørsmål eller du allereie deltar og ynskjer å trekke deg, kan du kontakte kvinneklinikken på telefon 55974200.

Interesseerklæring

Fertilitetssenteret, Årstadhuset, Haukeland Universitetssjukehus eller Politiet har inga økonomisk gevinst av dette prosjektet.

Samtykke til deltaking

Eg gjev med dette mitt samtykke til å donere eventuelt overskotsmaterialet av min sædprøve til trening av politihundar.

Namn (med blokkbokstavar):

.....

Dato/signatur deltakar